

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Fredag 31.1.2020

**Stad:** Hemsedal, Fýri

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Solveig Vestenfor, Ål kommune  
Pål Rørby, Hemsedal kommune  
Petter Rukke, Hol kommune  
Heidi Granli, Gol kommune  
Tore Haraldset, Nesbyen kommune  
Merete H. Gandrud, Flå kommune

#### **Desse møtte frå administrasjonen**

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

#### **Desse møtte frå Viken fylkeskommune:**

Kjersti Bærug Hulbak, regionkontakt

#### **Desse møtte frå kommunedirektørutvalet**

Ole Johnny Stavn, Hol kommune  
Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune  
Hege Mørk, Gol kommune  
Jan Olav Helling, Hemsedal kommune  
Henrik Skovly, Nesbyen kommune  
Odd Egil Stavn, Flå kommune

---

Før regionrådsmøte deltok regionrådet/kommunedirektørutvalet i innleiing av seminar som kommunane i Hallingdal hadde på Fýri, «Vold i nære relasjonar».

#### **SAK 01/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 20.12.2019**

##### **Vedtak**

Protokollen 20.12.2019 er godkjent.

#### **SAK 02/20 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2021 – 2024, PLANSTATUS**

Saka vart utsett til møte 21.2.2020

#### **SAK 03/20 SAMARBEID OM INNKREVJING AV KOMMUNALE AVGIFTER - FELLESE INNKREVJINGSKONTOR I HALLINGDAL**

##### **Vedtak:**

1. Regionrådet er positive til å vidareføre samarbeid om innkrevjing av kommunale krav. Regionrådet rår kommunane Hol, Ål, Hemsedal, Gol, Nes og Flå til å vidareføre samarbeidet.
2. Samarbeidet blir organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova §20-2, med Gol kommune som vertskommune.
3. Behovet for ressursar blir revidert etter 1 års drift. Rådmannsutvalet utarbeidar ei samarbeidsavtale som blir behandla i det einskilde kommunestyre.

4. Kommunestyrene må fatte vedtak om naudsynt delegering av mynde til vertskommunen.

#### **SAK 04/20 FORSIKRING, SAMARBEID FØREBYGGJANDE ARBEID**

##### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at 15% av kundeutbytte frå forsikringsavtale mellom kommunane i Hallingdal og Gjensidige Hallingdal frå føregåande år (2020 – 2024), blir disponert av felles forsikringsutval, til arbeid med haldningsskapande og skadeførebyggjande arbeid.

#### **SAK 05/20 ORIENTERING OM ARBEIDET I DISTRIKTSNÆRINGSTVALGET**

Dagleg leiar orienterte om arbeidet i [Distriksnæringsutvalget](#), der han er medlem.

Vedlagt presentasjon

#### **SAK 06/20 RINGERIKSBANEN**

Dagleg leiar orienterte om status og vidare framdrift for Ringeriksbanen.

Det vart og orientert om fellesmøte på Stortinget 6.2., med Hordaland og Buskerudbenken og Forum Nye Bergensbanen, med tema Ringeriksbanen. Det vil vera ein delegasjon på ca.14 stk. politikarar og representantar frå næringslivet langs Bergensbanen.

Vedlagt opprop frå næringslivet langs Bergensbanen med bekymring for framdrift Ringeriksbanen/ E16.

#### **SAK 07/20 EVENTUELT**

##### **Eventuelt, Open post, orienteringar**

Rådsordførar tok opp spørsmålet om å endre «Eventuelt» til «Open post» der det kan takst opp relevante spørsmål og det blir gjeve korte orienteringar, t.d. i frå verv representantar har.

Det var semje om justeringa og der det er mogeleg skal spørsmål meldast inn seinast ei veke før regionrådsmøte.

##### **Førespurnad frå Krødsherad kommune om tettare samarbeid med Hallingdal**

I sak 69/19 gjorde Regionrådet slikt vedtak:

«Regionrådet for Hallingdal vil drøfte eit nærare samarbeid med Krødsherad kommune med bakgrunn i ein eventuell formell førespurnad.»

Krødsherad kommune har bestemt seg for å vende mot Ringeriksregionen i forhold til organisering av kommuneregionar i Viken.

##### **Hallingtreff**

Det vil bli arrangert Hallingtreffi Oslo, ettermiddag 13. mai 2020.

Regionrådet for Hallingdal, Hallingdal Næringshage og Hallingdal Etablerersenter arbeidar med eit opplegg som vil bli presentert for Regionrådet på eit seinare tidspunkt.

##### **Korte orienteringar**

Det var gjeve korte orienteringa om Grüne Woche, Yrkesmessa, Hallingdalskonferansen, MOT og, Viken Ungdomsråd.

Hallingdal 7.2.2019

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar